



VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I HAREID

Gjeldande frå 06.08.2007. Endring 1.8.2014. Endring 1.11.2019

Vedtektene gjeld for desse barnehagane:

Bigset barnehage	0 – 5 år
Hareid barnehage	0 – 5 år
Syverplassen barnehage	0 – 5 år

§ 1 Eigartilhøve og forvaltning

- Hareid kommune eig og driv barnehagane.
- Levekårsutvalet har forvaltnings- og tilsynsansvar.
- Administrasjonen er lagt til Sektor for læring og kultur ved kommunalsjef.
- Drifta skal vere i samsvar med dei avgjerder og retningslinjer som går fram av Lov om barnehagar (av 17. juni 2005), føresegnene til denne (rammeplanen) og med den fastsette årsplanen for drifta.

§ 2 Formål og innhald

- Barnehagen skal gje born under opplæringspliktig alder gode høve til utvikling og aktivitet i nær forståing med heimen til borna.
- Barnehagen skal hjelpe til med å gje borna ei god oppseding i samsvar med grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon.
- Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd.

Barnehagen skal formidle verdiar, kultur, gi rom for borna si kulturskaping og medverke til at alle born får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap

§ 3 Samarbeidsutval og foreldreråd:

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval og foreldreråd jmf. §4 i Lov om barnehagar. Samarbeidsutvalet skal vere samansett slik: 2 repr. frå foreldra, 2 representantar frå dei tilsette og inntil 2 representantar frå eigar (kommunen).

§ 4 Planar:

Ved kvar barnehage skal det utarbeidast ein 4-års plan. Dette skal vere ein overordna plan som skal fungere som styringsdokument og som skal vere med på å sikre progresjon og samanheng i arbeidet med borna. Planen skal fylgje kommunestyreperiodane og den skal leggast fram for kommunestyret. I tillegg skal kvar barnehage utarbeide ein årsplan som skal fastsetjast av samarbeidsutvalet jmf. Lov om barnehagar §2.

§ 5 Leike og opphaldsareal:

Arealutnyttinga vert sett slik:	Born 3 – 6 år	4 m ²
	Born 0 – 3 år	5,3 m ²

§ 6 Opningstid/foreldrebetaling:

- Opningstida i barnehagane er frå 06.45 – 17.00. Opningstida kan etter nærare vurdering i samarbeidsutvalet tilpassast brukarbehovet.
- Barnehageåret startar til vanleg andre veka i august.
- Tilbodet kan avgrensast til ein barnehage i tilknytning til feriar og høgtider. Dette kan føre til at born må byte barnehage i desse periodane.
- Borna skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit driftsår. Av desse bør 3 veker vere samanhengande og helst i løpet av juni, juli og august.
- Barnehagane er stengde 5 vekedagar i løpet av bhg.året i samband med planleggingsdagar. Tidfesting av planleggingsdagane skal gjerast kjend i årsplanen.
- Barnehagane er stengde jul- og nyttårsafta, onsdag før påske stenger barnehagane kl. 12.
- Betalingssatsane vert fastsett av Stortinget, kostpengar vert årleg fastsett av kommunestyret.
- Det vert gitt søskenmoderasjon f.o.m. andre barnet. Moderasjonen vert gitt i samsvar med retningslinjer og minimumssatsar i forskrift til foreldrebetaling jmf. Lov om barnehagar. Ein gir reduksjon der søsken går i forskjellig barnehage innan same kommune (dette gjeld også mellom kommunale - og private barnehagar).
- Betalinga er delt over 11 terminar. Betalingsfrist den 20. i kvar månad. Juli er betalingsfri månad.
- Det vert kravd full betaling sjølv om barnet har fråvær på grunn av sjukdom eller av andre årsaker, eventuelt med unntak av rettar etter lov og forskrifter. Dispensasjon kan gjevast etter søknad i kvart einskilt tilfelle.
- Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetaling: Vert regulert av «Forskrift om foreldrebetaling i barnehager».
- Ved tildeling av barnehageplass: restansar for tidlegare opphald i barnehage/SFO må gjerast opp før barnet kan ta til i barnehagen.

Ved manglende betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel.
Det er klagerett på slikt vedtak.

§ 7 Opptak/oppseiing.

- a. Opptak av born i barnehagen vert delegert til rådmannen v/kommunalsjef for Sektor for læring og kultur.
- b. Ankeinstans er formannskapet.
- c. Søknad om opptak skal skje på elektronisk søknadsskjema.
- d. Nytt hovudopptak vert årleg lyst ut i januar/februar.
- e. Tildeling av plass gjeld fram til skulestart eller til plassen vert sagt opp etter dei retningslinene som er sette i vedtektene. Oppseiing på elektronisk skjema.
- f. Born som vert rekna som over 3 år frå 1. august det året dei fyller 3 år.
- g. Born frå andre kommunar får tildelt plass for maksimalt eitt år, og må søkje på nytt ved neste hovudopptak.
- h. Dei som får tildelt plass, tek mot plassen ved å svare elektronisk på tilbod om barnehageplass på dei vilkår som er gjevne i vedtektene.
- i. **Ein plass kan berre seiast opp på elektronisk skjema med ein månads varsel fram til 1. mars. Etter dette er oppseiingsfristen 2 månader til 1. juli.** Oppseiingstida byrjar alltid den 1. i månaden etter oppseiingsdato.

j. Kriterier for opptak

- Barnehagelova §12a: Barn som fyller ett år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til plass frå august.
- Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november i det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år (Bhg.lova §12a)
- Barn med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak jmf. Barnehagelova §13.
- Barn det er fatta vedtak om etter Lov om Barneverntjeneste skal ha prioritet ved opptak jmf. Barnehagelova §13.
- Særskilde medisinske, sosiale eller pedagogiske tilhøve hjå barnet sjølv, eller i barnet si familie som klart talar for plass i barnehage. Det skal ligge føre sakkunnig vurdering/dokumentasjon.
- Søsken skal så langt råd få høve til å gå i same barnehage.
- Born som har siste år før skulestart vert prioritert ved opptak.
- Dersom borna står likt ved opptaket, har eldste barnet prioritet.
- Kommunen vert å sjå på som eitt opptaksområde.

§ 8 Helseattest/sjukdom.

- a. Før barnet tek til i barnehagen, skal det leggjast fram helseerklæring på eige skjema.
- b. Born som er sjuke må ikkje møte opp i barnehagen. Med sjuke born meiner ein born som har feber, omgangsjuke, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, må barnet heller ikkje møte.
- c. Kommuneoverlegen er ansvarleg for det hygieniske tilsynet ved barnehagen.

§ 9 Ansvar.

- a. Eigar teiknar kollektiv ulykkesforsikring for borna og har ansvar for dei i den tida dei er i barnehagen.
- b. Borna sine private egedelar er ikkje dekte av kommunen sin innbuforsikring med unntak av dei tilfelle der kommunen har juridisk ansvar for skaden.
- c. Barnehagen informerer foreldra om forsikringsavtalar i årsplanen for barnehagen.

§ 10 Internkontrollsystem.

Alle barnehagane skal ha eigen internkontrollsystem som dokumenterer dei lover, forskrifter og vedtak som barnehagane byggjer på og dei rutinar for internkontroll som gjeld. Det er styrar sitt ansvar å halde system for internkontroll oppdatert. Syner elles til kommunen sin kvalitetskontrollsystem.

§ 11 Teieplikt.

I tråd med Lov om barnehagar §20, har personale og barnehageeigar teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§13 til 13f tilsvarande. §22 i lov om barnehagar understrekar personalet si opplysningsplikt i høve barnevernet.

§ 12 Endring i vedtektene.

Kommunestyret godkjenner/endrar vedtektene for dei kommunale barnehagane i Hareid kommune etter framlegg frå levekårsutvalet.

Endring av vedtektene gjeld frå 1. november 2019

